

Til deg som går i 1 og 2. klasse!



Har DU lyst til å vera med på dåpsskule?

På dåpsskulen får du læra litt om det som står i Bibelen, synga, vera med på aktivitetar og ha det kjekt saman med andre som går i 1 og 2. klasse.

Dåpsskulen består av 3 samlingar + ei avslutting på gudstenesta søndag 6. april. Til gudstenesta kan de invitera med familie og vener - gjerne fadrar!

Då vert boka Den usynlege venen delt ut til deltakarane på dåpsskulen.

Dåpsskulen er i:

**Ogna kyrkje -kyrkjelydssalen, tysdagane 4.3, 18.3 og 1.4
kl. 14.15-15.30.**

(om nokon av barna er på SFO då, kan de foreldre gjera avtale med oss, så hentar me dei der, og går saman til kyrkja til kl 14.15. Me kan og fylgja dei tilbake når det er slutt i kyrkja, om ynskjeleg ☺)

Avslutting/gudsteneste søndag 6. april kl.11.00

Dåpsskulen er heilt gratis.

Leiarar vil vera Liv Blindheim og Marie Veggeland. Om det er nokre av de foreldre/føresette som har høve til å hjelpa til i gruppa, med praktiske gjeremål, sosialt arbeid, eller eventuelt laga litt å bita i (frukt, bollar..), kryss av i forbindelse med påmeldinga, så tek eg kontakt. Har barnet behov for nokon form for tilrettelegging, sjukdom, allergi eller det er noko anna me bør vita om, så skriv det ved påmelding, eller ta kontakt med meg (på 45316040) snarast råd. Me ynskjer at alle skal få ei kjekk, god og trygg tid på dåpsskulen. Denne invitasjonen vert sendt ut til alle som bur på Ogna, som er fødd i gjeldande årskull, og er medlem i Den Norske kyrkja. Me ynskjer at dåpsskulen skal vera open for alle barn i denne aldersgruppa. Kjenner du nokre førsteklasingar som ikkje har fått brev, er dei og velkomne til å melda seg på!! (Du kan gjerne gje dei ein kopi av brevet)

Påmelding skjer ved å gå inn på: www.ognakyrkje.no. I artikkelen om dåpsskulen der, finn de lenke til påmeldingsskjemaet.

Frist: 23. februar

Med vennleg helsing

Marie Veggeland, vikar for Kyrkjelydspedagog

Har du spørsmål, ta gjerne kontakt på mob: 45316040, evt mail: marie.veggeland@hakyrkja.no



STØRST AV ALT